

Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1094 - 23/12054

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
13.02.2023

## Notat etter arbeidsmøte- Detaljregulering for Snekkevika

	Gbnr: / , PlanID 4631-2020007
<b>Møtestad</b>	Kommunehuset Frekhaug
<b>Møtedato</b>	30.01.2023, kl. 13
<b>Til stades i møtet</b>	Forslagsstillar: Sijoni Invest v/ Nils Paulsen  Plankonsulent: Arkoconsult v/ Ane Rolland Netland Mathilde Smebye  Alver kommune: Ingrid Raniseth (saksansvarleg) Ole Martin Bolset

### Bakgrunn for møtet

På bakgrunn av dialogmøte med Statsforvaltaren 04.10.2022 og samordna uttale datert 17.10.2022, har forslagsstillar fått utarbeida ei heilskapleg vurdering av strandsona som ein ønskte å diskutere før revidering av planforslaget. Rapporten, samt revidert situasjonsplan var lagt fram for kommunen i forkant av møte.

### Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar

#### Rapport, funksjonell strandsona

Planforvaltning vurderer at rapporten i hovudsak er tilfredsstillande i høve kartlegging av den funksjonelle strandsona i Snekkevika. Myrområda er i liten grad omtalt, men er frå før utgreidd i KU for naturmangfald og klima. Vi merker oss at rapporten seier noko om dagens situasjon, og at den ikkje tek oppi seg påverknaden av eit nytt hyttfelt med tilhøyrande infrastruktur og tiltak i sjø.

På bakgrunn av dette vurderer kommunen at rapporten skal vere eit verktøy som skal tolkast inn i det pågåande planarbeidet. Ein kan derimot ikkje tolke denne rapporten i ei slik retning at område som ikkje er omfatta av funksjonell strandsone i sin heilheit kan byggjast ned.

#### Situasjonsplan

Framlagt situasjonsplan syner ei høgare utnytting av området enn det som var lagt fram til 1. gongs handsaming. Høgdraget/kollen vert ytterlegare bygd ned og tilkomstvegane ligg som før. Dette er ikkje i tråd med SPR for differensiert forvaltning av strandsone langs sjø der terrenginngrep og infrastruktur bør skje med minst mogleg inngrep og ulemper.

At nye naust og båtanlegg no er samla i aust stiller kommunen seg positive til.

#### Videre anbefalingar

- *Talet på hytter må takast ned. Naturlege stader vil vere å redusere i felt BFR1, 3 og 4 i revidert situasjonsplan.*
- *Sjå om ein kan samle parkeringsareal og avslutte midtre køyreveg (f\_SV7) ved hytte T19.*
- *Vurdere ny oppstillingsplass for brannbil slik at ein kan ta vekk køyrevegen f\_SV6 i plankartet.*
- *Å legge hovudtilkomsten til hyttefeltet utanfor det som er definert som omsynssone mot vassdraget Kjesethjørna, vil vere utfordrande. Vi rår til at tilkomsten vert som no, men at ein tek inn i føresegnene tiltak som dempar vegens terrenginngrep og ivaretek avrenning ol. til vassdraget.*
- *Forslagsstillar bør i revidert planframlegg svare på Statsforvaltarens sitt spørsmål om korleis eit redusert tal fritidsbustader, vekk frå dei mest synlege toppane og lengre vekk frå strandsona, ville slått ut på landskap og grønstruktur.*
- *Om det ikkje er naudsynt med utfylling bør ikkje reguleringsplanen opne for det jf. føresegn § 3.6.*

#### Badevika

Planforvaltning har i møte med kulturavdelinga gått gjennom tiltak og føresegnar for friområde i Snekkevika. I møte ble det avtalt at kysttien, vist i plankart ved o\_SGG2, vert tatt ut. Videre ønsker vi at det vert tatt inn ei føresegn som tillèt at tursti o\_GT kan grusleggjast.

Føresegn e) for friområde GF1 endrast slik:

Friområde o\_GF1 omfattar badevika i Snekkevika. Innafor o\_GF1 er følgande tiltak tillate:

- Padlehuk/lita overnattingshytte/bu for padling, gapahuk, hengekøystolper
- Kanostativ
- Toalettfasilitet
- Stupebrett
- Andre mindre tiltak i tråd med formålet

#### **Vidare planprosess**

Revidert planforslag må vurderast av Statsforvaltaren før endeleg uttale. Ny høyring vil ikkje vere naudsynt om ein reduserer omfanget av tiltak i planforslaget.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Sijoni Invest As

Lynghaugen 5

5038

BERGEN

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE  
N